



NIVA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1253 - 19/14061

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

21.06.2019

## Godkjenning av søknad om løyve til å lande med helikopter i samband med prøvetaking av Storavatnet

**Administrativt vedtak. Saknr: 140/2019**

### Saksutgreiing:

NIVA søker i brev dagsett 29.05.2019 om løyve til å landa med helikopter i perioden 15. september - 1. desember 2019. Dei søker om å få lande med helikopter på Storavatnet i samband med prøvetaking for eit nasjonalt program for innsjøovervåking. Det er Miljødirektoratet som er ansvarlig for undersøkinga. Det vert opplyst at formålet med undersøkinga er basiskartlegging av den kjemiske situasjonen i innsjøar i Norge, for å betre kunnskapen om våre vassressursar og overvåking av miljøtilstand. For effektiv gjennomføring skal flest mogleg av innsjøane prøvetakast frå lufta med helikopter, sjølv om helikopteret ikkje skal lande på vatnet krev det framleis løyve til landing då dei skal ligge stille like over vassflata mens prøvane vert tatt.

Dei opplyser at bakgrunnen for det lange tidsrommet, er at det for å kunne sikra effektiv logistikk og godt flygevêr, men skal kunn takast prøver ein gong i løpet perioden. NIVA søker på vegne av Miljødirektoratet, då dei skal gjennomføre prøvetakinga. Helikopterselskapet Helitrans skal stå for transporten.

COWI søkte på vegne av Miljødirektoratet i 2018 om løyve til same prøvetaking, og det vart gitt løyve til landing i administrativt vedtak saknr. 242/2018. Prøvetakinga vart seinare avlyst, og løyve vart difor ikkje nytta.

### Vurdering:

Motorferdsel i utmark er regulert av lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag, og lova har som formål å regulere motorferdsel i utmark og på vassdrag ut ifrå ei samfunnsmessig heilhet med sikte på verne om naturmiljøet og fremje trivselen, jf. § 1. Etter lovas § 2 er helikopter omfatta av lova. Lovas § 2 si definisjon

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

av utmark er det som definerast som utmark i Friluftsløvs§ 1 første ledd, og i dette tilfellet er det aktuelle området utmark. Etter lovas § 3 er motorferdsel ikkje tillat med mindre anna følgjer av lova.

I dette tilfellet skal dei ikkje lande på vatnet, men i dei tilfelle helikopteret står like over vatnet vert rekna som landing etter lova. Vidare vert ikkje ei landing med helikopter på Storavatnet blir ikkje omfatta §§ 4 og 4a som definerer lovleg motor ferdsel i utmark med direkte heimel i lova eller lokal forskrift, og er difor søknadspliktig. Det opnast for løyve etter søknad i lovas § 6. Paragrafen opnar for at når særlege grunnar føreligg kan kommunen gi løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som elles ikkje kan finne sted etter lova eller med heimel i lova eller forskrift. Høve til å gi dispensasjon må praktiserast i lys av lovas formål om å redusere motorferdsla til eit minimum.

Administrasjonen meiner at det i denne saken vil vere snakk om ein særleg grunn som opnar for bruk av lovas § 6. Vidare meiner administrasjonen at denne saken må sjåast i lys av at det er snakk om landing i samband med eit nasjonalt program for innsjøovervåkning. Kartlegging av kjemisk situasjon er viktig for forvaltning av norske vassdrag. Det vart også tatt prøver frå Storavatnet i 1995, og undersøkinga i år skal gjennomførast i dei same innsjøane som i 1995.

Administrasjonen viser til Rundskriv T-1/96 *Om lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82*, kapittel 8.5 tillatelse til bruk av motorfartøy og luftfartøy etter lovens §, kor det står:

«Ved vurdering av om "særlige grunner" foreligger, vil det være av betydning om motorferdselen er nødvendig og har et nytteformål.»

Dersom krav til særlege grunnar er oppfylt, må det gjerast ei samla vurdering av saka mot lovas føremål, jf. rundskriv T-1/96. Administrasjonen meiner at særlege grunnar er oppfylt i saka og viser til at dette er eit nasjonalt prosjekt som vil ha eit stort nytteføremål for forvaltning og oppfølging av vassressursane. Vidare er det naudsynt ved eit prosjekt på denne storleiken å kunne gjennomføre prøvetakinga på ein effektiv måte.

Søknaden skal vurderast etter Naturmangfaldslova NML §§ 8-12 jf. § 7 i naturmangfaldslova.

Det er registrert 3 raudlista arter i og nært det aktuelle området, jf. § 8 NML. Det er registrert to artar som er i kategorien nær truga på raudlista (fiskeørn og fiskemåke) og oter som er lista som sårbar. Administrasjonen meiner at det ikkje er noko som tilseier at ein treng nytta føre-var prinsippet ved ei gjennomføring av omsøkt tiltak, jf. § 9 NML. Flygingsperioden er lagt til hausten for å unngå konflikt med prøvetaking og hekking/ungling. Administrasjonen meiner at landing kan gjennomførast utan at det kjem i konflikt med dei raudlista artane. Dette er artar som nyttar store områder i vatnet, og dei har moglegheit for å trekke seg unna når helikopteret skal landa. Vidare er det anslått at prøvetakinga tek ca. 2-3 minuttar før dei flyg vidare.

Landing på vatnet vil ha eit avgrensa omfang og har eit stort nytteføremål, og i praksis vil dei ikkje lande men stå stille i lufta over vassflata. Landinga skal kunn skje på vatnet. Det omsøkte tiltaket vil ikkje medføra ein auka samla belastning i området jf. § 10 NML. Etter ei samla vurdering meiner administrasjonen at ei landing med helikopter på storavatet ikkje vil vere i strid med prinsippa i naturmangfaldslovas §§8-12.

Etter ei samla vurdering av saka meiner administrasjonen at søknaden er innafor definisjonen særleg grunn som kan opne for løyve etter motorferdselslova § 6. Administrasjonen kan ikkje sjå at landinga skal kome i konflikt med naturverdiar i området. Sjølve gjennomføringa vil medføre noko støy, men administrasjonen

viser til at det vil vere i ein svært avgrensa periode og difor ikkje medføra unødig forstyrring. Administrasjonen vil difor gje løyve til landing med helikopter på Storavatnet i Meland kommune. Administrasjonen vil understreke at søkjar må innhente løyve frå grunneigar til å få landa med helikopter, då dette løyve kunn er ein dispensasjon frå forbodet mot landing med luftfartøy etter motorferdselslova.

## Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til å lande med helikopter på Storavatnet i Meland kommune i samband med prøvetaking. Løyvet vert gjeve til Miljødirektorat og NIVA som på vegne av Miljødirektoratet skal gjennomføre prøvetakinga.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Det kan kunn landast 1. gong på Storavatnet
- Landing skal gjennomførast i perioden 15. septemberr-1. desember 2019.
- Løyve skal bringast med under gjennomføring og kunne visast fram ved kontroll.

Bakgrunnen for løyve går fram av saksutgreiing og vurdering. Løyve har heimel i lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag § 6.»

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakere:

NIVA